



Thomas Heggøy har hatt god start på sesongen. T.h. ser vi han saman med Stord-løparen Lars Lunde etter 1.etappe i Tour de Stord.

Løpartalentet Thomas Heggøy(f.1994) frå Stord har hatt ein svært god start på friidrettsesongen. Thomas har ofte vore å sjå her i Uskedalen, særleg i den kjose halvdelen av året. Han er nemleg son til Magne og Tove M. Heggøy som driv Rabben Feriesenter. Dermed vert Steinar Myklebust bestefar hans.

Thomas har i mange år vore eit stort løpartalent, og han er oppfostra i det gode friidrettsmiljøet på Stord. No har han meldt overgang til Bergensklubben Gular.

Seinast i pinsehelga var han her i Uskedalen. Då hjelpte han til med arbeidet på eit godt besøkt Rabben Feriesenter. Onsdag var han på startstrekken på 800m i eit Grand Prix stemne på Hamar. Der fekk han ein flott 3.plass i sitt heat etter eit knallsterkt løp og sprang for første gang under 1.54 på distansen. 1.53.88 vart den nye personlege rekorden hans.

Fredag var Heggøy heime på Stord og vann første etappe i Tour de Stord som starta då, på ny etapperekord. Resten av etappane i Tour de Stord kunne han ikkje vera med i. I dag var nemleg han og lagkameratane i Gular i Trondheim og deltok i stafett-NM. Resultatet derfrå er nett klart, og det enda med NM-gull til Thomas Heggøy og dei 3 lagkameratane hans.

4 x 400m vart vunnen med 3.15,92 ved kvartetten Vebjørn Borge – Torbjørn Lysne – Thomas: Heggøy og Sondre Dingsør.

Vi gratulerer den lovande ungguten på Rabben, og ser verkeleg fram til å følgja utviklinga framover.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat